

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmar
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 05.04.2018
FRÅ: Administrerende direktør Herlof Nilssen
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: Lærlingar i helseføretaka

ARKIVSAK 2018/300
STYRESAK 042/18

STYREMØTE 05.04. 2018
Administrerende direktør si orientering pkt 5

Bakgrunn

Følgjande krav er stilt til helseføretaka i styringsdokumentet for 2018:

- Sørgje for at alle helseføretaka har eigne læreplassar innan helsefagarbeidarfaget, og avklare kor mange lærlingar føretaket bør ha.

I tillegg til krav i oppdragsdokumentet for 2018 har Helse Vest frå 2005 stilt sjølvstendige krav til eigne lærlingar i styringsdokumenta til føretaka uavhengig av styringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet. Helseføretaka er i prosess med å etablere strategiar og tiltak. Denne orienteringa er derfor basert på dei tilbakemeldingane vi har mottatt. Når styringsdokumentet for 2018 legg desse føringane er dette eit arbeid som og vil bli lagt fram for styra i helseføretaka. Når føretaka har tenkt å legge frem sine strategiar for styra har vi ikkje oversikt over.

Vurdering

Helseføretaka skal arbeide systematisk med strategisk bemannings- og kompetanseplanlegging, gjennom å arbeide målretta med å utdanne, rekruttere, behalde og utvikle medarbeidarar. Det regionale helseføretaket og helseføretaka må ha god dialog og godt samspel med utdanningssektoren for å sikre at utdanningane har kapasitet, kvalitet og innhald som er tilpassa tenesta og befolkninga sine behov.

Det er tidlegare stilt krav om å sikre fleire lære plassar i tråd med måla i «*Samfunnskontrakt for fleire lære plasser*». Dette er særleg viktig når det gjeld helsefagarbeidarar.

Styret i Helse Vest har bedt om ein halvårleg status rapportering for tal lærlingar. Inntak av lærlingar skjer i august kvart år. Fagprøver blir avlagt på litt ulike tidspunkt på året etter avslutta læretid for dei ulike faga slik at tal lærlingar på ulike målingstidspunkt vil gi ulike tal. Statusrapport hausten vil normalt gi ein betre oversikt over utviklinga. Vår vurdering er at føretaka har gode prosessar, og at dei og legg meir vekt på karrieremoglegheiter for fagarbeidarar gjennom bruk av fagskuleutdanninga. Dette er i tråd med avtale som blei inngått mellom Helse Vest RHF og Fagforbundet. Helse Vest RHF har sett det som ein viktig strategi å legge gode føringar og ambisjonar som føretaka må operasjonalisera. Det er ikkje mogleg å sjå raske taktskifte på dette området, men vi ser nå at det er ein meir tydelig haldning og gode prosessar for å auka tal lærlingar.

I tabellen under synleggjer vi ein oppsummering frå kvart av helseføretaka for status på tal lærlingar, og kva plan dei måtte ha for å auka talet lærlingar inkludert mål for kor mange lærlingar føretaket bør ha, så langt.

Helse Vest RHF:

Kontor- og administrasjonsfaget: Helse Vest RHF er godkjend lærebedrift, og har sidan juni 2017 hatt ein lærling i dette faget.

Helse Stavanger:

Fagområde	Tal lærlingar – 2017/våren 2018	Kommentarar
Helsearbeidarfaget	52	
Ambulansefaget	20	
Sikkerheitsfaget (veker)	4	
Portørfaget	6	Aukar til sju frå august 2018
Reinholdsfaget	1	Nyleg inngått ny lærlingavtale
Byggedriftar faget	1	Dette er ein tilsett medarbeidar som skal fullføra læringskrava i læreplanen under ordninga. Dette er ein tilleggsordning for dei som ikkje går i ordinære lærlingløp. Dette er ein ordning fylkeskommunane støtter i tråd med opplæringslova.

Plan for å auke tal lærlingar inkludert konkrete tiltak:

Helsearbeidarfaget: Føretaket har til ein kvar tid ca. 52 lærlingar i dette faget. Det er ikkje nokon planer om å auka talet. Helse Stavanger har opplyst at dei meiner det er et rett tal lærlingar i forhold til det helseføretaket kan tilby og i tråd med deira kapasitet.

Ambulansefaget: Helse Stavanger har allereie dei siste åra auka tal lærlingar frå 14 til 20. For å ivareta dei lærlingane dei har med tanke på læringsutbytte og oppfølging ser dei det som vanskeleg å auke talet ytterlegare.

Reinhaldsfaget: Det er søkt til fylket om å bli godkjent lærebedrift i reinhaldsfaget. Reinhaldseininga har ønska lærlingar lenge, men har ikkje hatt søkjarar. I uke 11 blir det inngått avtale med ein aktuell søker til læreplass i reinhaldsfaget. Det er ønskeleg at denne lærlingen kan delta på rekrutterings besøk på Godalen Vidaregåande skule. Dersom dei klarar å motivera fleire elevar til å søkje læreplass i reinhaldsfaget, er det ønskeleg å ta inn inntil fire lærlingar frå august 2018.

Byggdriftar faget: Det er viktig og ønskelig med lærling i dette faget. Det har vært dei same utfordringane for dette faget som for reinhaldsfaget. Det viktigaste blir derfor å bruke skuleåret 2018/2019 til å motivera og auka interessa for faget. Opplæringskontoret for Byggfag har ingen frå Bygg- og anleggsteknikk VG1 som har søkt læreplass frå august 2019.

Kontor- og administrasjonsfaget: Helseføretaket vurderer å starte opp med ein lærling innan dette faget frå aug. 18.

Andre fagområder: I divisjon for driftsservice er det fleire aktuelle lærefag: institusjonskokk, logistikk, anleggsgartnar, elektro, VVS/rørleggar, byggdriftar faget, kontor faget med meir. Målet er i løpet av 2018 å søkje om å bli godkjent lærebedrift i logistikkfaget, og ha skulebesøk i 2018 og 2019. Dette for å sjå om det er søkjarar slik at dei kan vurdere å ta inn lærlingar i logistikkfaget frå august 2019 eller 2020.

Praksiskandidatar: Samtidig som Helse Stavanger ønskjer å auke tal lærlingar er det viktig å sikre at einingane kan ta godt imot og følgje opp lærlingane på ein god måte. Det har vært viktig å få dei ufaglærte som har jobba i faget i meir enn fem år til å ta fagbrev som praksiskandidat. Tal fagbrev som praksiskandidat sidan 2015 er:

- 2 innan kontor og administrasjon
- 12 innan sikkerheitsfaget
- 13 innan i portørfaget

Praksiskandidatane tilhøyrar i stor grad divisjon for driftsservice, men dei har og andre medarbeidarar som har tatt fagbrev i f.eks. kontor og administrasjon, reinhald, og helsefagarbeidar faget.

Vidare meldar Helse Stavanger at dei arbeider for å auke interessa for sjukehuset som læreplass. På bakgrunn av dette ynskjer dei å ha fleire skulebesøk og fleire YFF elevar i 2018/2019. For skuleåret 2017/2018 har divisjon for driftsservice hatt 55 YFF elevar.

Ny struktur for yrkesfag i vidaregåande skule blir innført hausten 2020. Helse Stavanger har god tru på at endringane vil leggja forholda godt til rette for nye lærlingar framover. Utdanninga vil bli meir tilpassa arbeidslivets behov. Fleire elevar skal få spesialisering heilt frå starten, og det skal bli endå meir spesialisering på Vg2.

Helse Stavanger får også førespurnad frå NAV for tilrettelegging for læreløp. Til dømes er det fleire som er i utdanningsløp som helsesekretær der kandidatane manglar litt praksis før dei er klar til fagprøve. Dette er ofte innan handverkarfag, men også nokon innan helsefag. Helse Stavanger er avhengig av samarbeid med private verksemdar for å fullføra læreløp innan tekniske lærefag.

Helse Stavanger har og ein kandidat som ynskjer å inngå ein lærekontrakt med forlenga læretid i portørfaget. Ein ventar på ein avklaring frå NAV for å få vurdert økonomisk tilskot for denne kandidaten.

Helse Fonna:

Fagområde	Tal lærlingar – 2017/våren 2018	Kommentarar
Helsearbeidarfaget	16	8 første års lærlingar 8 andre års lærlingar avsluttar i august 2018 og blir erstatta med 8 nye hausten 2018
Ambulansefaget	21	11 første års lærlingar 11 andre års lærlingar avsluttar i august og erstattast av 10 nye hausten 2018
Institusjonskokk	3	Ein første års- og to andre års lærlingar. Skal ta inn 1 ny frå august 2018

Plan for å auke tal lærlingar inkludert konkrete tiltak:

Helse Fonna har hatt eit stabilt tal lærlingar over fleire år – tilsvarende tala i tabellen. Omfanget dekkjer føretaket sitt behov for rekruttering innan dei aktuelle faga – dette gjeld særleg innan ambulansefaget. Innan helsearbeidarfaget har det vært utfordrande å ha ledige stillingar for helsefagarbeidarar etter avslutta læretid.

Omfanget av lærlingar baserer seg også på to andre forhold:

- Tilgang på instruktørar / rettleiarar
- Økonomi (lønnsmidlar) avsett i budsjett

Helse Fonna har ikkje planar om å auke tal lærlingar innan dei aktuelle faga, men bør kunne vurdere å ta inn lærlingar i andre fag. Det er ikkje tatt stilling til dette på noverande tidspunkt.

Helse Bergen:

Fagområde	Tal lærlingar – 2017/våren 2018	Kommentarar
Helsearbeidarfaget	11	Helse Bergen har tilsett fleire helsefagarbeidarlærlingar ved Haukeland våren 2018 enn dei som går ut med fagbrev. Føretaksleiinga har lagt til grunn at dei vil auke tal egne tilsette helsefagarbeidarlærlingar suksessivt over ein periode på 2 år.
Ambulansefaget	38	Det har vært ein nedgang på 3 lærlingar sidan 2016. Årsaka er at dei har hatt fleire lærlingar som har hatt behov for forlenga læretid.
Institusjonskokk	2	
Automatikar	2	
Barnehage	3	
Dataelektronikar	2	
Finmekanikar	1	
Fotograf	1	
Koordinator lærlingar	3	
Logistikk	1	
Portør	3	
Vekter	1	

Plan for å auke tal lærlingar inkludert konkrete tiltak:

Helse Bergen utarbeida september 2017 ein handlingsplan for å auka kvaliteten på opplæringa og auke tal lærlingar i sjukehuset. Identifiserte målsettingar og tiltak kan opp summerast slik:

1. Helse Bergen skal være ein attraktiv lærebedrift og ha ein læringsamansetning som samsvarer med føretaket og samfunnets behov.
 - a) Etablere ein felles koordinatorstilling (mai 2017) for heile føretaket
 - b) Delta i arbeidet med samfunnskontrakt i Hordaland
 - c) Vidareføre tilbod til ungdomsskuleelevar om fagdagar for å auke søknad til relevante lærefag for sjukehuset.
 - d) Gå gjennom alle relevante fagområde med fagarbeidarar for å kartlegge muligheit for fleire læreplasser.
 - e) Integrera auka kostnadar for løn til lærlingar i føretaket sitt langtidsbudsjett

- f) Dialog med fagforeiningane og nivå 2/3 leiarar om nivå på tal lærlingar og innhaldet i utdanningane.
 - g) Evaluere og revidere samarbeidsavtale med kommunane om opplæring av helsefagarbeidarlærlingar.
 - h) Evaluere og vurdere innretning på eigne lærlingar (TAF, vekslingsmodell eller ordinære lærlingar).
2. Helse Bergen vil leggja til rette for å nå måla som er sett i styringsdokumenta og at det skal vera gode læreplassar
- a) Etablere ein felles koordinatorstilling for heile føretaket
 - b) Felles introduksjons- og fagdagar for lærlingane.
 - c) Systematisk utprøving og bruk av ferdigheitstrening for lærlingane.
 - d) Styrke kvalitet på rettleiing gjennom rettleiarkurs og nettverkssamlingar.
 - e) Oppdatering og revisjon av Opplæringshandbøkene.
 - f) Meir systematisk bruk av kompetanseportalen og ta i bruk elektronisk opplæringsbok/kompetanseplanar samt vurdering og rettleiing
3. Fagarbeidarane i Helse Bergen skal ha faglege utviklings- og karrieremuligheiter i tråd med Helse Bergen sitt behov
- a) Samarbeid med Fagskulen i Hordaland om vidareutdanningstilbod samt bidra med føredragshaldarar i utdanninga.
 - b) Stipendordning for vidareutdanning innan særskilte område.
 - c) Styrke helsefagarbeidarane sin kompetanse og funksjonsområde gjennom bruk av simulering og ferdigheitstrening.
4. Helse Bergen skal sikre læring og erfaring frå dei ulike faga og leggje til rette for læring på tvers av lærlingfaga
- a) Etablere ein koordinatorstilling
 - b) Standardisere inngåing og gjennomføring av læretid der det er hensiktsmessig.

Helse Bergen ynskjer å evaluere eksisterande løysning med eigne TAF lærlingar (tekniske og almenne fag og vurdere overgang til ordinære lærlingar. Samanlikna med det vanlege lærlingar som ønskjer studiekompetanse etter fullført fagbrev 4+1 år, gjer TAF-elevane unna sitt utdanningsløp på eit år mindre.

I lys av dette er det ikkje tatt opp eigne helsefagarbeidarlærlingar hausten 2017.

Samarbeidsavtalen om samarbeidslærlingar vil og bli gjenstand for ny forhandling.

Opplæringa på TAF skjer i samarbeid mellom føretaket og kommune, der lærlingane er tilsett i kommunen.

Tal helsefagarbeidarar går framleis ned i Helse Bergen og dei har i dag eit tal på ca. 440 helsefagarbeidarar (271 månadsverk). Dette kombinert med ein meir krevjande rekrutteringssituasjon av sjukepleiarar gjer at det no er etablert eit prosjekt for å sjå nærare på helsefagarbeidarane sine kompetanseområde og moglege tiltak for å utvide disse.

Erfaringane tilseier at vidareutdanningsmuligheitene på fagskulenivå er svært viktig for å sikre fagarbeidarane ein karriereveg, og som viktig bidrag for å rekruttere og behalde medarbeidarane. Det er derfor etablert eit tett samarbeid med Hordaland fagskule for å sikre rett innhald og volum i fagskuletilbodet.

Helse Bergen bidrar på vegne av Spekter i arbeidet med å etablere ein regional samfunnskontrakt for lærlingar i Hordaland. Målet er at alle kvalifiserte elevar som ønskjer læreplass, skal få tilbod om læreplass.

Helse Førde:

Fagområde	Tal lærlingar – 2017/våren 2018	Kommentarar
Helsearbeidarfaget	0	
Ambulansefaget	26	Auke på ein frå 2016
Institusjonskokk	1	Nytt lærefag i føretaket frå 2017
Koordinator lærlingar	1	

Plan for å auke tal lærlingar inkludert konkrete tiltak:

Helse Førde har:

- kartlagt status
- kartlagt status for heile personellgruppa helsefagarbeidarar i Helse Førde
- sett på historisk utvikling og orientert seg om årsaka til kvifor samansetninga i pleiegruppa er som den er
- orientert seg mot, og vært i dialog med dei andre føretaka i Helse Vest for å lære og trekke på gode erfaringar frå dei andre føretaka som har lykkast med lærlingordninga, særleg frå leiar av internt opplæringskontor for lærlingar i Helse Stavanger
- Utviklingsdirektør, fagdirektør, HR direktør og seksjonsleiar for Kompetanse og utdanning samarbeider og har danna ei tverrfagleg arbeidsgruppe for prosessen
- Rapporten «Samfunnskontrakt for fleire læreplassar 2016-2020» og rapporten «Dobla talet helsefagarbeidarlærlingar» frå Helse Nord er gått gjennom av arbeidsgruppa
- Det vil bli lagt fram sak for føretaksleiinga med tema lærlingar i Helse Førde som særleg er innretta mot helsefagarbeidarar

Helse Vest IKT:

Fagområde	Tal lærlingar – 2017/våren 2018	Kommentarar
Dataelektronikar	3	
IKT servicefag	3	Auke med ein frå 2016

Plan for å auke tal lærlingar inkludert konkrete tiltak:

Helse Vest IKT planlegg å auke med ein lærling frå 2017 til 2018. Ein vil vurdere auke vidare i 2019. Det er viktig å få fleire seksjonar til å vurdere lærlingar som del av kompetansetiltaka i Helse Vest IKT. Dei har peika ut ein eigen lærlingansvarleg som har ansvar får oppfølging av lærlingane i tillegg til seksjonsleiar. Dei har no to seksjonar som tek i mot lærlingar.

Sjukehusapoteka Vest:

Dei er ikkje godkjent som lærebedrift.

Forslag til vedtak:

Styret tar saka til orientering.